

alliance*

OPTIKK



**Se godt
på alle avstander**

Åpningstider Mandag: stengt • Tir-Tor: 10:00 - 16:30
Fredag: 10:00 - 18:00 • Lørdag: 10:00 - 15:00

Alliance Optikk Ål

Sundrevegen 85 • tlf 32 08 55 99 • post@aal-optikk.no • www.aal-optikk.no

O-lefsa



O-GRUPPA

2015



Styret i O-gruppa 2015

Leiar:	Knut Ivar Vestli kivestli@gmail.com	Tlf: 93428722
Nestleiar/Kasserar:	Vidar Sire vidar.sire@gmail.com	Tlf: 32081002 95154786
Sekretær:	Turid Rokne turokne@yahoo.com	Tlf: 32081885 90557675
Oppmann/ Materialforvaltar:	Terje Holo Lund Te-holo@online.no	Tlf: 91875198
Styremedlem:	Nils-Kjell Kolbjørnsgard nkjelk@online.no	Tlf: 32085554 97780447
Andre verv:		
Kartleiar:	Erling Hagen Erling_hag1@hotmail.com	Tlf: 32086862
O-lefse red:	Knut Ivar Vestli	
Tur-O ansvarleg:	Nils Kjell Kolbjørnsgard	
Valkomite:	Lars Jordet Eivind Torsethaugen	Tlf: 32083374 Tlf: 32083426

Internettadresse:

<http://aal-il-orientering.idrettenonline.no/p/6861/nyheter?>

Kontonr: 2320 20 04539



Trenger du elektriker ?

Vi hjelper deg gjerne, ta kontakt i dag:



Avd. Geilo	3209 5960
Avd. Ål	3208 6170
Avd. Gol	3207 9950



– når du trenger elektriker

www.ehi.no

Orientering



Frå Wikipedia, den frie encyklopedi:


Orientering er ein idrett som går ut på at ein skal ta seg raskast mogeleg fram i eit bestemt terreng ved hjelp av kart, kompass og naturobservasjonar.

På kartet er det teikna ei løype. Undervegs, det vil seie mellom start og mål, skal ein besøke eit antal postar; desse er markerte med eit postflagg og plassert på detaljar i terrenget. Posten er markert som ein sirkel på kartet, bundne saman av linjer og nummerert i den orden dei skal finnast. Sirklane er teikna omkring detaljen som skal bli funne, denne detaljen er også definert i postskildringa.

Døme på postskildring:

	Bygninger		Stein, stor stein		Sjø/vann
	Ruin		Stup		Brønn
	Asfaltert / gruslagt plass		Skrent		Vannfylt grop, pytt
	Stor vei		Steingrunn, ur		Myr
	Liten vei		Blokkfelt		Utydelig myr
	Traktorvei		Steinklynge		Åpen myr
	Stor sti		Høydekurver		Bekk, grøft
	Liten sti		Koller		Bebyggelse
	Kraftlinje		Liten kolle (høydepunkt)		Dyrket mark
	Steingjerde		Grop		Åpent lettøpt område
	Gjerde		Liten grop, hull		Åpent område med spredte trær
	Tydelig vegetasjonsgrense		Spesielle detaljer		Skog med nedsatt løpbarhet

Døme kart:



Leiaren har ordet



Velkommen til ein ny o-sesong! Ein lang og flott vinter er over, og ein kan sjå fram mot ein sommar med gode opplevingar i den flotte naturen Ål og Hallingdal har å by på. Ål orientering ynskjer å satse på ungdomen dei komande åra, og spesielt aldersgruppa 10-18 år. Vi kjem derfor i år til å planleggje for nye nær-o kart (skulekart), men vi treng å få med kommune, idrettslag og næringsliv på laget. I år kan vi halde ulike kurs, og kontakt oss gjerne dersom de ønsker det.

Treningsløpa startar torsdag 14. mai på Syningen ovanfor Lien, og sidan går det slag i slag kvar veke til slutten av september (sjå terminlista).

Sesongen inneheld 13 reine treningsløp inkl klubbmeisterskap, H J Minneløp og nattløp. Du kan og vere med på 4 nær o-løp innanfor Hallingdal (Hallingtreffan), og Ål arrangerer eit Hallingtreff, samt Hallingdalsmeisterskapet i stafett. Detaljane finn du i terminlista. På Hallingtreffan er det premierung samanlagt til alle som har delteke på minst 3 nær o-løp.

Klubbmeisterskapet blir helde torsdag 24.september i Leveld, og natt o-løp 8. oktober på skulekartet på Torpo. Avslutningsfesten på Bråta vil halde stad fredag 13.november.

Vi heldt fram med å arrangere to lette løyper på torsdagen etter Nær o-løpet på Nesbyen og Hemsedal. Dette er eit alternativ for dei som ikkje vågar seg ut av Ål i starten av sesongen.

Det blir også ståande to løyper til fri disposisjon på Leveldkartet og Syningenkartet gjennom sesongen (sjå eigen omtale). Kartet med postane blir lagt ut på heimesida vår, og kan printast ut.

Turorientering : Ti nye klyppekortpostar i ÅL 52 sitt program med flotte krus og trekkpremiar til deltakarane (sjå eigen omtale).

Alle løpa blir annonserte i tysdagsavisa av Hallingdølen. Sjekk i tilfelle endringar. Hugs at dei fleste treningsløpa går på torsdagar, medan nær O-løpa går på onsdagar.

Vår kjære O-lefse kjem også i år ut med oversikt over aktivitetar og nyttig informasjon om årets sesong. Det er verdt å merke seg at Ål orientering har fått ny heimeside: <http://aal-il-orientering.idrettenonline.no> Vi skal vere flinke og leggje ut nyttig informasjon og resultat frå alle løp her.

Eg vil til slutt takke Nils Kjell for den framifrå jobben han har utført som leiar av orienteringslaget i over 20 år. Tusen takk for alt du har bidrege med, og så håpar eg at vi får nytte godt av kompetansen og engasjementet ditt i tida som kjem.

Eg håpar på mange trivelege opplevingar for liten og stor ute i skog, mark og fjell.

Leiaren vil få ynskje alle lykke til med O-sesongen 2015.

Knut Ivar

Opplysningar til arrangørar/løypeleggjarar

- Den som er sett opp først av løypeleggjarane/arrangørane, er hovud-ansvarleg for løpet.
- Annonse om løpet blir sett inn i Hallingdølen av styret tysdag før løpet (samleannonse for heile Hallingdal). Løp i Hallingtreffen må annonserast særskilt. Annonser og endringar i høve til terminlista, må Hallingdølen ha innan kl. 08.00 - måndagen før!
- Alt utstyr som skal brukast på løpet, er å finne i garasjen til Eilev Sørbøen. Ved eventuelle manglar, kontakt materialforvaltar Terje Holo Lund, tlf. 91875198.
- Ved vanlege treningsløp skal det vere løyper på ca 2,5 lett, 3,5 og 5 km. I tillegg skal det vere ei nybegynnarløype på omlag 1,5 - 2 km.
HUGS: Nybegynnarløypa kan **ALDRI** bli for lett! Bruk leiande liner som vegar, stigar bekkar osv. Ikkje gøym postane! Bruk gjerne merkeband dersom eit strekk vert for vanskeleg.
NB! I år ordnar arrangør med saft, tvist og evt litt frukt på treningsløpa.
- Kart kostar kr 20,-. Løparar frå klubben får rekning når sesongen er over. Vidar set opp etter kor mange løp vi har vore med på. Andre deltakarar betalar på løpet. Skriv opp kven som låner kompass og løparbrikker av o-gruppa. Kontrollør at alle leverer utstyret tilbake etter bruk.
- EKT-utstyret (lesar og skrivar) ligg i eigen koffert. Sjekk over at alt er der, og alt blir lagt på plass når du er ferdig med det. Hugs å setje skrivaren på lading dagen før løpet. Brukarinstruks for utstyret ligg i kofferten. Start og måleiningane må ikkje liggje ved sida av kvarandre da det tappar dei for batteri (er tilstrekkeleg å leggje dei motsett veg). Det same gjeld posteiningar og løparbrikkene. Alt utstyret som er brukt, skal så snart som råd leggst tilbake i garasjen til Eilev Sørbøen, slik at alt er i orden til neste løypeleggjar.
- Kart over Veståsen 2, Svartetjern og Syningen (til nytt er trykt opp) **må fotokopierast** for kvart løp.
- Det er eit krav om kart i storleik 1*7500 for 50+ på Hallingtreffen!
- Er noko uklart? Ring leiar Knut Ivar Tlf: 93428722

Resultatliste skal leverast til:

- Knut Ivar Vestli (e-post: kivestli@gmail.com)
- Vidar Sire (e-post: vidar.sire@gmail.com)

Sistnemnde legg resultata ut på heimesida til o-gruppa:

<http://aal-il-orientering.idrettenonline.no>

Oversikt deltakarar sidan 2000

År	Antall løparar	Antall løp	Antall startar	Gj.snitt
2014	150	14	376	27
2013	105	12	276	23
2012	124	14	323	24
2011	108	14	328	24
2010	153	14	412	29
2009	129	14	410	29
2008	92	14	313	22
2007	136	16	470	31
2006	126	15	510	34
2005	149	16	577	36
2004	126	15	481	32
2003	135	16	520	33
2002	138	16	579	36
2001	151	19	720	38
2000	123	19	704	37

Vi har eit godt miljø i gruppa. Vi har naturen som idrettsarena og det gjev mange fine opplevingar for store og små.

AVSLUTNINGSFEST

Fredag 14.november kl 19.00 var det avslutning for sesongen 2014.

Ca 25 deltakarar hadde møtt fram. Premiering for sesongen var det store.

I klassen under 17 år er kravet minst 4 løp. Her var det 15 som klarte kravet, mot berre 4 i 2014. For dei over 17 år er kravet minst halvparten av treningsløpa pluss to nær o- løp

Her var det 15 som gjorde seg fortent til O-tallerken (dobling frå 2014).

Klubbmeisterskapet er eit av dei store høgdepunkta der intern kniving ikkje er til å unngå.

Her vart det delt ut 16 meisterskapsmedaljar.

INNTÆKTSGIVENDE ARBEID/DUGNADER

Orienteringsgruppa har inngått ei avtale med kommuna om turprosjektet Ål 52. Vi har laga turorientering med 10 turfavorittar / klippekort inn i pakka. O-gruppa har ansvar for utstyret og utsetjinga/etterkontroll. Vi får inntekta av kortsalet, og då er det opp til oss å selja produktet. For 2014, som var andre året, utgjorde dette kr 21900 kr, ein firedobling frå 2013.

Resultat orientering i Hallingdal 2014

Nær o-løp karusellen Hallingtreffen gikk over 5 løp der dei 3 beste løpa telde. Poengrekning 12-10-8-7-6 osv. Ål fekk berre ein samanlagtsiger: Guri O Feten. Totalt 138 ulike løparar har vore med på Hallingtreffen.

Hemsedal arrangerte Hallingdalsmeisterskapet individuelt 3.august på Eikrekartet ved Fuglehaugane. Her blei det fire gull til Ål. Guri O Feten, Peder Feten Vidar Sire og Narve Thorset.

Hallingdalsmeisterskapet i stafett blei arrangert av Nesbyen søndag 21. september. Ål stilte berre med eit lag i år, men dei overraska og blei nr 2, ikkje langt bak vinnarlaget Hemsedal. Løparane var Gaute Hagen Hallingstad, Nils Kjell og Arnstein Sørbøen.

Torsdag 2. oktober var det natt o-løp på Liatoppen som avslutningsløp. Det var berre 6 deltakarar som våga seg ut i nattemørket.

Det var størst deltaking i Leveld 19.juni, med 48 løparar til start.

Nokre få løparar frå klubben har også vore litt utanom dalen, og vi oppmodar fleire til å bli med på arrangement utanfor Hallingdal for å teste nye og spanande o-terreng.

Nytt kart er ferdig på Fuglehaugen med variert terreng frå nokså lettløpt til litt meir nedsett løpbarheit (ein del grønt). Erling Hagen har vore prosjektleiar og gjer alltid ein god jobb.

Deltakinga på løpa i 2014 har vore noko høgare enn dei siste åra, og vi håpar å auke ytterlegare i 2015. Det gjeld spesielt i aldersgruppe 10 til 18 år.

TURORIENTERING 2015

Turorientering er eit tilbod til alle som likar turar i skog og mark. Dette er ein aktivitet utan tidtaking som du kan ta når det passar deg. **O-gruppa i ÅL IL** har også i år ti nye turfavorittar med klippekort som ligg og ventar på deg. Dette er eit samarbeid med Ål kommune og inngår i ÅL 52 sitt vandrepogram. Det er plassert ei postkasse der du kan skrive namnet ditt for registrering, og det står ein o-post med klippetang som du brukar på klippekortet ditt. Det vankar fine trekkepremiar på alle ti turane (verdi ca 10 000.- kr totalt). Klarar du å sanke minst 8 av dei 10 turane, får du eit krus med motiv og turoversikt. All informasjon står på klippekortet som er laminert, og tåler all slags vær. Du kan også skrive dei andre familiemedlemmene på kortet og krysse av for ekstra krus. Ekstra krus kostar nesten like mykje som klippekortet, og det er berre namnet på eigaren av kortet som er med på trekkepremiene. Kvart klippekort er inkludert eit krus. Hugs å få med ei brosjyre (gratis) vandreturar i ÅL 2015 der alle turane er beskrive.

Vi anbefalar å gå inn på www.aal52.no der du kan få detaljert utskrift av turane.

Klippekort inkl. eit krus kostar kr 120,-. Det kan du kjøpe hjå O-gruppa, G-sport, Libris eller på Turistkontoret. Det er allereie seld nærare 100 klippekort . Dette er også eit fint gåvetips dersom du vil gi bort litt trim med dei naturopplevingane det gjev. Postane står ute frå 15 juni til siste søndagen i haustferien.

All informasjon står på kortet og brosjyra. Då er det berre å ynskje LYKKE TIL med mange fine turar.

BLI MED DU OGSÅ!!!



O-festival 2015

VELKOMMEN TIL NORSK O-FESTIVAL PÅ SOGNSVANN 26.-28 JUNI 2015

Vi håpar mange har lyst til å bli med på O-festivalen på Sognsvann i Oslo 26.-28. juni. Dette er Norges største o-arrangement med om lag 3 000 deltakarar! Det er veldig morosamt å delta på eit så stort løp. Det er 3 løp på 3 dagar (fredag ettermiddag, laurdag og sundag) og det er klassar for absolutt alle, uansett alder og nivå. Terrenget på Sognsvann byr på ulike utfordringar med mykje sti og detaljar.

Meir informasjon på arrangementet si nettside:

O-festivalen 2015



ÅL FARGEHANDEL
Liftutleie • Gulvsliping
Tlf 4560 8056

Årsmelding 2014

Orienteringsgruppa ÅL IL

Leiar:	Nils-Kjell Kolbjørnsgard
Nestleiar/Sekretær:	Turid Rokne
Kasserar:	Vidar Sire
Oppmann/Matrialf.:	Terje Holo Lund
Styremedlem:	Knut Ivar Vestli

Ande verv:	
Kartrådsleiar:	Erling Hagen
O-lefse redaktør:	Turid Rokne
På tur i Ål:	(leiar)
Valkomitè:	Eivind Torsethaugen
	Lars Jordet



Leiaren har representert O-gruppa på møta i Ål idrettslag. Det er halde eit styremøte for planlegging av sesongen.

AKTIVITETAR

Sesongen 2014 starta tysdag 15. mai med løp på Syningkartet og vart avslutta onsdag 17. september i Leveld. Natt o-løpet 2.oktober på Svartetjernkartet avslutta sesongen. Totalt blei det arrangert 15 treningsløp inkl H J Tveito minneløp, nattløp og klubbmeisterskap.

O-Gruppa har også arrangert to nær o-løp. Det første gjekk av stabelen 25.juni på Fuglehovda med 55 deltakarar og det siste 17.september i Leveld.

Hans Jørgen`s Minneløp vart avvikla torsdag 18.august på stølen på hytta til Turid og Ragnar. Takk til Marianne, Turid og Ragnar for eit flott arrangement.

Klubbmeisterskapet 11. september. Terje Holo Lund og Nils-Kjell hadde ansvaret. Det møtte 22 deltakare til dyst i skogen på vårt nye kart, Fuglehovda. (Øvre Ål`s åsen) Klubbmeistrar 2014: Sigrid Haug Grønnerød, Tuva Eilevsdotter Sørbøen, Mari Bøygard, Marit Kolbjørnsgard, Turid Rokne, Eivind Torsethaugen, Vidar Sire, Gaute Hagen Hallingstad, Knut Ivar Vestli og Narve Thorset.

Aktuelle løp utanfor Hallingdal 2015

Dato	Beskrivelse	Arrangør
23.- 25. mai	Pinseløp	Kongsberg
7.juni	KM mellom	Lierbygda OL
19.-21 juni	O-land	Hadeland IL
26.-28. juni	O-Festivalen	Nydalen IL
13.-16. juli	Heidalsviku	Viul OL
22.-23.aug	Ringerike 2-dagers	Ringerike OL
29.aug	KM Lang	Viul OL



Terminfesta løp i Hallingdal 2015

Dato	Type	Arrangør	Område	Start
Onsdag 27. mai	Hallingtreffen 1	Nesbyen	Drifteslepa	18:00
Onsdag 24. jun	Hallingtreffen 2	Hemsedal	Lio	18:00
Onsdag 19.aug	Hallingtreffen 3	Ål	Vermelie	18:00
Onsdag 2.sept	H.M Individuelt	Nesbyen	Svangtjern	18:00
Sundag 13.sept	H.M Stafett	Ål	Fuglehovda	12:00
Onsdag 16. sept	Hallingtreffen 3	Hemsedal	Vannin	17:30

Løyper/klasser

Lengde	Nivå	Klasser
1,5 km	N-nivå	D/H 11-12, N-åpen (Ingen rangering)
3,0 km	C-nivå	D/H 13-14, D/H 17C, D/H70
3,0 km	A-nivå	D50, D/H60
3,5 km	A-nivå	D15-16, D17-18, D35, H50
4,5 km	A-nivå	D19, H15-16, H35
6,0 km	A-nivå	H17-18, H19

Startkontingent

Hallingtreffen og Hallingdalsmeisterskap: T.o.m. 16 år: 50,-
F.o.m. 18 år: 75,-
Hallingdalsmeisterskap i stafett: kr 200,- per lag

Premiering (minste krav):

Hallingtreffen: Full premiering: til og med D/H 13-14, og N-klasser
F.o.m 17 år kun klassevinnarar + valfritt etter deltaking.
Samanlagtpræmie til dei som har delteke på minst 3 løp.

HM.Individuelt: Full premiering i alle klassar t.o.m 16 år
F.o.m 17.år: 1/3 premiering.

H.M.Stafett: Dei tre beste laga samanlagt
+ løypevinnarane i dei tre etappane.

H.M.Stafett

1. etappe: ca 3,5 km A-nivå
Alle løparar unntatt H19
2. etappe: ca 2,0 km C-nivå
t.o.m. D16
f.o.m. D35 t.o.m. H14
f.o.m. H50
3. etappe: ca 5,0 km A-nivå
Etappen er tillatt for alle

Passeringspost på 1. og 3. etappe.



Arnstein og Kristen diskuterer vegval etter stafetten



HALLINGDAL

ØKONOMISERVICE AS

32 02 93 20 Elvevn 4, 3550 GOL

E-post: firmapost@hallok.no

REGNSKAP – LØNN – ÅRSOPPGJØR – FAKTURERING

tlf. 32 08 10 64

Rekruttering 2015

Ål IL orientering vil prioritere rekruttering av ungdom frå 10 til 18 år dei neste åra. Vi held fram med dei same aktivitetane som i 2014.

Løyper gjennom sesongen – Leveld og Torpo

Det vil bli laga o-løyper i Leveld som de kan følgje når det skulle passe. Det blir lagt ut 2 løyper på sommaren som blir liggjande frå ca 10.juni til ca 15.august, og to løyper frå ca 15.august til 15.september.

Lengda på løypene er: Ca 2,5 km C-løype (ca 10 enkle postar)
Ca 4 km nybyrjar (ca 10 postar langs veg el stig)

Kart og postskildring kan de få tilsendt via e-post eller laste ned frå heimesida til Ål IL orientering

<http://aal-il-orientering.idrettenonline.no/p/6861/hjem>

Kontakt Knut Ivar Vestli på kivestli@gmail.com eller tlf 93428722 for kart eller meir informasjon.

Det blir eit tilsvarende opplegg på Torpo (Syningen), men der er det berre snakk om ein periode (ca 10.juni til 15.august). Løypelengde og vanskegrad er det same som i Leveld.

Kart og postskildring kan de få tilsendt via e-post eller laste ned frå heimesida til Ål IL orientering

<http://aal-il-orientering.idrettenonline.no/p/6861/hjem>

Kontakt Vidar Sire på vidar.sire@gmail.com for kart eller meir informasjon.

Elles er det berre å stille opp på torsdagsløpa i regi Ål IL orientering (sjå terminliste). Det blir både nybyrjarløype (ca 1,5 km langs veg/stig) og ei løype på ca 2,5 km for dei som ynskjer ei litt meir utfordrande løype. Det vil også bli lagt opp til nybyrjaropplæring på to av torsdagsløpa.

Terminliste Nesbyen 2015

Dato	Løp	Sted	Kl.
Onsdag 13.05	Treningsløp	Bromma	18.00
Onsdag 20.05	Treningsløp	Todalen	18.00
Onsdag 03.06	Treningsløp	Drifteslepa	18.00
Onsdag 10.06	Treningsløp	Syntstevatn	18.00
Onsdag 17.06	Treningsløp	Svangtjern	18.00
Tirsdag 11.08	Treningsløp	Tunhovd	18.00
Onsdag 26.08	Treningsløp	Røyrmyr	18.00
Onsdag 09.09	Treningsløp	Svangtjern	18.00
Onsdag 23.09	Nattløp	Bromma	20.00

Kort enkel løype 1,5 km – Lang enkel løype 3-4 km (ledelinjer)
ca 3,5 km A - Langløype ca 5 km A

Mellomløype



Terminliste Hemsedal 2015

Alle løp er merka fra rv 52



Dato	Løp	Sted	Kl.
Onsdag 13.05	Treningsløp	Svøo	18.00
Onsdag 20.05	Treningsløp	HBU	18.00
Onsdag 03.06	Treningsløp	Boligfeltet	18.00
Onsdag 10.06	Treningsløp	Krikken	18.00
Onsdag 17.06	Treningsløp	Huso	18.00
Onsdag 01.07	Treningsløp	Synarsvaet	18.00
Onsdag 12.08	Treningsløp	Lio	18.00
Onsdag 26.08	Treningsløp	Langeset	18.00
Søndag 06.09	Sykkeloriering	Turistkontoret	13.00
Onsdag 23.09	Treningsløp	Eikre	17:30
Onsdag 23.09	Nattløp	Gravset	20.00



Diskusjon om gode og dårlege vegval



Rekruttering er viktig for orienteringssporten



Orientering er ein familiesport



Narve er klar til start



Medlem av Norges Takseringsforbund

Elvevegen 4, 3550 Gol Tlf: 32 07 44 94

E-post: hallingdal@takstmann.com www.takstmann.com

- ✓ **Verdi/lånetakst**
- ✓ **Skadetakst, skjønn**
- ✓ **Boligsalgsrapport**
- ✓ **Hytter - Boliger - Næring**
- ✓ **Tomter - Landbruk**



Tannlege Olav Holdhus AS

Telefon: 32 08 10 64

Besøksadresse: Sundrevege 88,
3570 Ål



Geocaching

Prøv geocaching der du er!

<https://www.geocaching.com/guide/default.aspx>



Geocaching er en gratis, utendørs skattejakt. Deltakere i spillet prøver å finne skjulte beholdere, såkalte geocacher, ved å bruke en smarttelefon eller en GPS, og kan deretter dele sine opplevelser på nettet. Det er 2,621,989 aktive geocacher og over 6 millioner geocacher i hele verden.

[Les mer om geocaching og hvordan du kan bli med på eventyret.](#)

På sitt enkleste krever geocaching følgende 8 trinn:

1. Registrer et basismedlemskap gratis.
2. Besøk siden «Gjem & finn en cache».
3. Angi postnummer og klikk «Søk».
4. Velg hvilken som helst geocache fra listen og klikk på navnet.
5. Skriv inn koordinatene til geocachen på din GPS-enhet.
6. Bruk din GPS-enhet som hjelp til å finne den skjulte geocachen.
7. Signer loggboken og returner geocachen til sin opprinnelige plassering.
8. Del dine geocachinghistorier og -bilder på nettet.

Det er mye mer ved spillet enn dette. Fortsett å lese guiden for å lære mer!

TERMINLISTE 2015

	Dag	Dato	Kl.	Kart/Område	Merka frå/stad	Type løp	Løypeleggjera
1	Torsdag	14.mai	18:00	Syningen	Lien. Landbr.skule	Treningsløp	Vidar Sire Narve Thorset
2	Torsdag	21.mai	18.00	Vermelie	Opheimskrysset	Treningsløp	Arnstein Sørbøen Terje Holo Lund
3	Onsdag	27.mai	18.00	Nes Drifteslepa	Nesbyen Sentrum	Hall.treff 1	Avreise Hallingmøbler kl 17.00
	Torsdag	28. mai	18:00	Leveld	Leveld skule	Treningsløp\enkel	Erling Hagen
4	Torsdag	4.juni	18.00	Fuglehovda	Skulekrysset ÅL sentr	Treningsløp	Ola Håkon Rudningen Steingrim Roen
5	Torsdag	11.juni	18:00	Veståsen 2	Stasjonsbrua	Treningsløp	Lars og Åsmund Jordet
6	Torsdag	18.juni	18.00	Svartetjern	Kryss/Liatoppen	Treningsløp	Marit og Nils-Kjell Kolbjørnsgard
	Onsdag	24.juni	18.00	Hemsedal Lio	Lio . Sjå annonse	Hall.treff 2	Avreise Hallingmøbler kl 17.00
7	Torsdag	25.juni	18:00	Leveld	Leveld skule	Treningsløp/enkel	Knut Ivar Vestli
8	Torsdag	2.juli	18.00	Syningen	Lien.Landbr.sk.	Treningsløp	Håvard Sørbøen Magnar Kolbj.gard
9	Torsdag	9.juli	18:00	Vermelie	Opheimskrysset	Treningsløp	Turid og Ragnar Rokne
10	Torsdag	23.juli	18:00	Fuglehovda	Skulekrysset ÅL sentr	Treningsløp	Åsmund Jordet Magnar Kolbjørnsgard
11	Torsdag	30.juli	18.00	Svarttjern	Gullhagasvingen	Treningsløp	Tore Arnegard Håvard Sørbøen
12	Torsdag	6.aug	18:00	Veståsen 2	Stasjonsbrua	Treningsløp	Ola Håkon Rudningen Steingrim Roen
13	Torsdag	13.aug	18.00	Syningen	Lien Landbr.skule	Treningsløp	Kåre Hagen Narve Thorset
	Onsdag	19.aug	18:00	Ål Vermelie	Opheimskrysset	Hall.treff 3	Arnstein Sørbøen Vidar Sire
14	Torsdag	27.aug	18.00	Opheimsåsen/Syningen	Opheimskrysset	H.J.M.	Lars Jordet Kåre Hagen
	Onsdag	2.sept	18.00	Nesbyen Svangtjern	Bromma kryss/Eggedal	H. M. Individuelt	Avreise Hallingmøbler kl 17.00
15	Torsdag	10.sept	17.30	Leveld	Leveld skule	Treningsløp	Terje Holo Lund Karianne Sørbøen
	Sundag	13 sept	12.00	Ål Fuglehovda	Skulekrysset Ål Sentr	H. M. Stafett	Eivind Torsethaugen Erling Hagen
	Onsdag	16.sept	17.30	Hemsedal Vannin	RV 52	Halling.treff 4	Avreise Hallingmøbler kl 16.30
16	Torsdag	24.sept	17.30	Syningen	Lien Landbruksskule	Klubbmesterskap	Marit og Nils-Kjell Kolbjørnsgard
17	Torsdag	8.okt	20.00	Sjå annonse	Bestemmes seinare	Natt o-løp	Turid og Ragnar Rokne

☐ Hugs avslutningsfesten på Bråta Fredag 13. november kl 19.00

☐ Instruksjon for nybyrjarar har ein av løypeleggjarane ansvaret for

☐ Løypa blir annonsert i tysdagsavisa i Hallingdølen . Følg med i tilfelle forandringar